



Stord-Fitjar Turlag  
Bergen og Hordaland Turlag



# ÅRSBERETNING 2023

## STYRETS BERETNING

### Styret i Stord-Fitjar Turlag

Leiar: Tom Knudsen, tomknuds@online.no, tlf. 908 30 688  
Nestleiar: Monica Vik, monicalitlabo@gmail.com, tlf 97986903  
Skrivar: Mette Grov, mette.grov@akersolutions.com, tlf. 454 11 979  
Kasserer: Grethe Brask, kasserer.stordfitjar.turlag@dnt.no, tlf. 918 73 043  
Vara: Unni Gudmundsen, gudmundsenunni@gmail.com, tlf. 915 51 322  
Vara: Gunnar Kobbeltveit, kobgun@norseagroup.com, tlf. 455 19 671  
Natur- og Miljø: Jan Ove Øen, joeen@online.no, tlf 90143201  
Barnas Turlag: Caroline Wolf, caroline-wolff@outlook.com, tlf 97671156  
DNT Ung: Dagfinn Koppang, dkoppang@gmail.com, tlf 41212205  
Turgruppa: Monica Vik, monicalitlabo@gmail.com, tlf 97986903  
Seniorgruppa: Frank Breistein, frank.breistein@outlook.com, tlf 90555418  
Topptrimgruppa: Laila T. Innvær. laila.thorland.innvær@akersolutions.com. tlf 92893636  
Driftsgruppa: Gerda Øen, gerdaoen@hotmail.com, tlf 90994156  
Dugnadsgruppa: Frank Breistein, frank.breistein@outlook.com, tlf 90555418

### Undergruppene

#### Turgruppa

Monica Vik, Jan Leivestad, Torill Sundby, Anita Vestvik, Gunnar Sagenes

#### Dugnadsgruppa

Frank Breistein, Birger Taranger, Kjell Vestrheim, Odd Sverre Larsen, Geir Tore Søreide

#### Barnas Turlag

Caroline Wollf, Synnøve Koll Visnesbakk, Bernt Hugllen Visnesbakk, Anders Langeland, Ann Therese Aasheim, Linda Blom, Mari Hillestad Aas, Åshild Skorpen

#### Trimpoeng

Laila Torland Innvær, Kristin Meland, Randi Huglen, Tove Catrin Aas Lindal

#### Natur- og miljø

Jan Ove Øen, Odd Lars Huseeth, Konrad Vestvik

#### Seniorgruppa

Frank Breistein, Ann Kristin Eldøy, Otto Holm, Unn Sara Spissøy, Per Audun Kloster, Per Inge Sætrevik

### DNT-Ung

Dagfinn Koppang, Knut Inge Øyen Hovin, Bodil Nesbø

### Driftsgruppe

Marit Sætre Cruickshanks, Gerda Øen

### IT-ansvarlig

Frank Breistein

### Valnemnd

Jan Leivestad, Gerda Øen, Marit Sætre Cruickshanks,

### Revisor

Gro S Lien

## **Styremøter**

Det har vært avholdt 8 styremøter, 1 styreseminar og 1 medlemsmøte. Styret har behandlet 140 saker. Av behandlede saker kan nevnes: Vedtekter, vedtekter for undergruppene, innspill til Kommuneplanens arealdel, retningslinjer for frivilliggoder og reiseregninger, overgang til prosjektregnskap, medlemsmøte, styreseminar, Opptur, Topp-8, flere medlemmer, sponsing, tursti og parkering over Vad, HMS, hjemmeside/sosiale medier, hyttene Lundarstøl og Stovegolvet, gapahuken i Stuavikjo, aktiviteter ved crusieskip anløp, gaver fra Sparebanken Vest, 30-års jubileum 2024, overgang til DNT ØkonomiRing, regnskap og budsjett.

## **Medlemsmøter**

Det ble avholdt medlemsmøte 21.11.23 hvor nye vedtekter og nye vedtekter for undergruppene ble behandlet.

## **Medlemmer**

Pr. 31.12.23 har Stord-Fitjar Turlag 1.424 medlemmer mot 1.380 same tid forrige år. Dette er en fin økning på 3.2%



## Opptur

Seniorgruppa arrangerte 3. mai OPPTUR for ca 350 8. klassingar frå Stord -, Nordbygdo -, Nysæter -, og Fitjar Ungdomskule. Oppturen gjekk frå p-plassen på Fjellstova, opp Stengjelsdalen til Steingjelsheddo, ned Botnadalen, ut til veggen frå demninga og tilbake til Fjellstova. Ca 40 seniorar deltok som turleiarar og vaktar. Denne gongen fekk 10 av 8. klassingane frå Leirvik eit nærturleirkurs i forkant av OPPTUR. Dei fekk i oppgåve å vera turleiarar for klassane sine. 2 på kvar klasse. Elevane var svært motiverte og gjennomførte oppgåvene så langt råd var. Det var svært nyttig erfaring for turlaget..

## Topp 8

Stord Topp 8 vart vellukka arrangert for sjuande gong 21.mai 2023.

420 deltakarar fullførte ein, fire eller åtte toppar, i nydeleg vær.

Turlaget hadde eit stort mannskap i sving for å klare å gjennomføre arrangementet.

Vi har være oppe i 680 deltakerar, i 2022 (etter to år med corona) deltok 268, så målet i 2024 må være å sette ny rekord.

56 frivillige gjorde ein formidabel jobb m forarbeid, merking, rigging, sekretariat, prøvetur, parkering, vakthald og nedrigging, rydding og etterarbeid.

Sekretariatet nytta dette året EQ timing v påmelding og registrering både rundt om på enkelte av postane og ved målgang.

Stor takk til alle våre sponsorer, takk til

Sparkjeden på som sto på Skårafjellsåta med energibarar til deltakarane, og i målområdet sto med Saft, og store mengder oppskåren frukt når folk kom i mål. Takk også til Bladet Sunnhrodland for annonser.



## Stord på langs



30. september møttes 12 deltakere, med Gunnar Sagenes, Dag Ove Angeltveit og Monica Vik

Oppmøte ved Fjellstova, for å samle oss i bilar som kørde opp til Heio. Alle deltakarar visste kva vår som var i vente, og var godt motiverte for å nyta turen trass fuktige vérmeldingar.

Turstart klokka 09:00 på Heio, opp

Sherpatrappene til Kvelve, via Martebrotet og frå Tjødnadalen opp til Mehammarsåta. Vidare gjekk turen til Kjerringjo, og derfrå over Beinatjødnsvarden og til Olstjødno. Det var ein meget sprek gjeng som forserte fjellet svært effektivt. Vêret inviterte ikkje til lange matpausar i lyngen, så me var framme ved Olstjødno lenge før me hadde rekna med.

Tide Buss kørde oss tilbake til Fjellstova, der me tok resterande bilar opp til Heio, kor me parkerte før turstart.

Mykje regn, mykje vind, lite sikt, men meget godt humør, er ei rimelig presis oppsummering av turen.

## Undergruppene

Undergruppene utarbeider egne årsrapportar som er blitt oversendt styret. Årsrapportene fra undergruppene vedlegges styrets årsberetning.



## Økonomi

I 2023 har regnskapet blitt lagt om til prosjektregnskap, hvor hver av undergruppene nå følges opp etter prinsippet om at inntekter for gruppen må være på plass før det dras på kostnader.



Driftsinntektene er kr. 1.049' i 2023 mot kr. 1.082' i 2022. Kostnadene er kr. 1033' i 2023 mot kr. 1.886' i 2022 (dette inkluderer kr. 1.000' til BHT, hytten på Stovegolvet). Overskuddet i 2023 kr. 49' er tillagt egenkapitalen. Det er foretatt følgende disposisjoner: Kr. 100.000 er avsa<sup>2</sup> til 30-års jubileum og kr. 60.000 til innredning av lager. Det er videre besluttet at vi fra 01.01.24 fører regnskapet via DNT ØkonomiRing. Ved å benytte DNT ØkonomiRing får vi bilagsgodkjenning via app, og sømløs overgang

til aktivitetssystemet.

## Regnskap og budsjett

Vedlagt følger regnskap og budsjett. Det fullstendige regnskapet samt balanse med revisjonsberetning fremlegges på årsmøtet.



Stord, 13. februar 2024

### **Stord-Fitjar Turlag**

Styreleder, styremedlemmer, varamedlemmer (sign)

## Årsmelding Turgruppa 2023

### Medlemmar i gruppestyret:

Monica Vik  
Toril Sundby  
Jan Leivestad  
Gunnar Sagenes  
Aina Westvik

### Gruppestyremøter:

13. mars  
30. mars  
8. mai  
15. juni  
17. august  
4. september  
23. oktober

### Turar arrangert av turgruppa:

- Rundtur Morkavatnet og Ellingdalsvatnet
- Kidno og Beinatjødnsvarden
- Vivelid og Hedlo
- Høgevarden og Sjønhammar
- Stord-Fitjar frå Heio til Olstjødno

## Turskildringar

### Rundtur Morkavatnet og Ellingdalsvatnet

12. Juni 2023

9 deltakarar

Turleiarar: Anne Gravdal og Hilde K Engelsen

Kjentmann: Jarle Hevrøy

Ein fin ettermiddagstur med kjekke turdeltakarar. Runden var ca. 6,7 km i lett kuppert terreng, og varte vel 2,5 time inkl. ei lita rast for å spise nista. Me passerte både Morkavatnet, og Ellingsdalsvatnet, og fekk oppleva ein sær s frodig skogs natur.

Lettskyta ver og ca. 18-19 grader då me starta ca. kl 17.00



## Kidno og Beinatjødnsvarden

22. Juni 2023

11 deltakarar

Turleiarar: Gro S Lien og Monica Vik

Turen gjekk frå Olstjødno via Litlakidno og opp til Kidno. Me hadde eit lavt skydekke som kom sigande bak oss, men klarte å halde det i ryggen mesteparten av turen. Ned frå Kidno gjekk me til sørenden av Svartavatnet og opp til Beinatjødnsvarden på veg tilbake til Olstjødno. Mykje trivelege turfolk gjorde det til ein svært fin ettermiddagstur i sommarfjellet.



## Vivelid og Hedlo

18. – 20. August 2023

12 deltakarar

Turleiarar: Gudny E Kydland og Berit Agasøster

Kjentmann: Jarle Hevrøy

Årets overnattingstur gjekk til frodige Hardangervidda Vest. Ein flott og sprek turgjeng med turleiarar Gudny E Kydland og Berit Agasøster i spissen og Jarle Hevrøy som mentor og kjentmann, starta turen frå Hjølmoberget, Øvre Eidfjord. Fyrste dag gjekk turen via mektige Valurfossen, med 170 meter fossefall, til hytta på frodige Vivelid, der eit forfriskande bad i elva Veig etterfulgt av ein nydelig middag. Laurdag var hovudturen frå Vivelid via den flotte stølen Finnabu til hytta på Hedlo. Ein seks timars tur der me dei siste par timane fekk godt brukt for regnkleda me hadde med oss. Søndag vakna me til sol og shortsveir, og løypa var lagt litt om for å nyte utsikta over såtefjella. På Såtefjella traff me tåka, men med god sti og GPS var det ikkje noko problem å fine tilbake til Hjølmo og bilane. Etter ei fin turhelg avslutta me med å køyre innom Vøringsfossen. Det var verd omvegen for det var eit særst flott skode. Takk for ei fin turhelg!





## Høgevarden og Sjønhammar

31. august 2023

5 deltakarar

Turleiarar: Randi Huglen og Tove Aas Lindahl

Spontantur i finvêret, til dei to trimpoengpostar på Huglo, då det kanskje var fleire som ikkje hadde fått desse med seg. To turdeltakarar dukka opp på ferjekaien på Jektevik, medan ein møtte på parkeringsplassen ved skulen/bedehuset. Saman gjekk turfølget i retning Brandvik, der ruta gjekk opp ein steinete bakke der me ,etterkvart fann merkepinnar som viste vegen til Høgevarden. Fine utkikkspunkt undervegs og veldig fin utsikt på toppen, som me nådde frå sørsida. Me gjekk same vegen ned igjen, der me fortsette mot Tveit via kulturløypa si stimerking mot Sjønhammar. På Sjønhammar inntok me nista, og gjekk rundturen vidare gjennom fine gardstun og så på veg tilbake til parkeringsplassen. Ferja kom i passeleg tid til at dei tre damene i turfølget rakk eit forfriskande bad på kaien. Alle var samde om at det hadde vert ein flott tur.



### **Stord på langs – Heio til Olstjødno**

30. september

12 deltakarar

Turleiarar: Gunnar Sagenes, Dag Ove Angeltveit og Monica Vik

Me møtte opp ved Fjellstova, for å samle oss i bilar som kørde opp til Heio. Alle deltakarar visste kva vår som var i vente, og var godt motiverte for å nyta turen trass fuktige vêrmeldingar.

Turstart klokka 09:00 på Heio, opp Sherpatrappene til Kvelve, via Martebrotet og frå Tjødnadalen opp til Mehammersåta. Vidare gjekk turen til Kjerringjo, og derfrå over Beinatjødnsvarden og til Olstjødno. Det var ein meget sprek gjeng som forserte fjellet svært effektivt. Vêret inviterte ikkje til lange matpausar i lyngen, så me var framme ved Olstjødno lenge før me hadde rekna med.

Tide Buss kørde oss tilbake til Fjellstova, der me tok resterande bilar opp til Heio, kor me parkerte før turstart.

Mykje regn, mykje vind, lite sikt, men meget godt humør, er ei rimelig presis oppsummering av turen.



### 1.3 Årsmelding 2023 Dugnadsgruppa

#### Styrearbeid

Desse har vore tillistsvalde i dugnadsgruppa:

Leiar: Frank Breistein. Medlemmer: Odd Sverre Larsen, Geir Tore Søreide, Birger Taranger og Kjell Vestrheim.

Det har vore halde 6 styremøter i dugnadsgruppa.

Dugnadsgruppa har utført totalt 2400 dugnadstimar inkludert feltarbeid og styrearbeid.

Saker som har vorte handsama er:

- Etablering av prinsipp for skilting av turar.
- Prosjekt Dalshaugane-Tavler og skilting. Igangsetting etter prinsipp om skilting.
- Oppfølging av stiinspeksjon og bruk av FDV-systemet Famac.
- Oppdeling av dugnadsgjengar i 3 områder: Leirvik, Sagvåg og Fitjar samt dugnadsamlingar.
- Oppstart og gjennomføring av prosjekt Vaskehuset Lundastøl.
- Koordinering av dugnadsprosjekter, bemanning og dugnadsleiar

#### Dugnadsprosjekter som dugnadsgruppa har førestått:

Stovegolvet.

Jon Magne Bratseth har fungert som vaktmester foretatt tilsyn og forefallande vedlikehaldsarbeid. BHT har hatt 2 ordinære tømings- og påfyllingsdugadar der SFT har stilt med dugnadsfolket. Seinhaustes slo lynet ned i hytta og øydela det meste av elektrisk installasjon. Dette vart reparert av leverandørane av utstyret. Det vart også satt på ny skorstein som skal hindra vinden å slå ned i pipa.

Lundarstøl



Det vart bygd nytt Vaskehus ved elva på Lundastøl. Prosjektleiar Magne Jostein Mikkelson stod for prosjektering og byggeoppfølging medan Gunnar Grov var dugnadsleiar gjennom heile prosjektet. Det er gjort førebuing til å leggja inn varmekabel i vasstilføringsslange mellom det nye vaskehuset der pumpa står og opp til hovudhuset..

Gapahuker:

- Det er lagt belegningstein inne i gapahuken i Hustrudalen
- I dei andre gapahukane har det ikkje vore naudsynt med vedlikehaldstiltak.

Oppgradering og vedlikehald eksisterande DNT/SFT-stiar:

- Inspeksjon og vedlikehald av 36 av 48 stiruter i Stord og Fitjar
- Ny bru ved Botnavatnet
- Klopper ved Svartavatnet

- Produksjonsunderlag til skilting av Tur 47 Rydlandsago Prestavarden
- Omlegging av sti øvst i Stengjelsdalen.
- Fjerning av vardar i Litle Tjødnadalen.
- Klopper på toppen av Dyviksåta.
- Klopper på stien frå Fjellstova mot Vad og Vatnadalen
- Tverrpinnar på klopper på Tur 21 Dåfjorden
- Ny tavle på Heio. Viser veg til Stovegolvet.
- Ny sti frå Sæterbø til forbi Tausavatnet og inn på Prestatrakkjet. Skal ver det originale Preststrakkje frå Sæterbø.
- Oppgradering st ved Tveitaelva.

Frank Breistein

Leiar Dugnadsgruppa.

## 1.4 Årsmelding 2023 Seniorgruppa

### Styrearbeid

Desse har vore tillitsvalde i Seniorgruppa 2023:

Leiar: Frank Breistein, Nestleiar: Otto Holm, Skrivar: Anne Kristin Eldøy. Styremedlemmer: Unn Sara Spissøy, Per Inge Sætrevik, Per Audun Kloster.

Leiar i seniorgruppa har deltatt på styremøte i hovudlaget.

Det har vore halde 7 styremøte i seniorgruppa. I tillegg har det ved utarbeiding av turprogram for 2023 vore 1 turleiarssamling. Alle medlemmene i seniorstyret brukar no det nye Aktivitetssystemet og legg ut seniorturar.

Seniorgruppa med turleiarar og turvertar har utført til saman 3300 dugnadstimar. Totalt har seniorane hatt 3200 deltakardagar.

### HMS:

Seniorturane har i 2023 hatt 0 skader:

Kurs i Lunge-Hjarte-Redning har ikkje vore arrangert i 2023

### Saker som har vore handsama i seniorstyret.

- Turprogram onsdagsturar for 2023 og 2024.
- Turprogram for Aktiv til 100 gruppene
- Overnattingsturar i 2023 og 2024
- Opplæring og bruk av nytt Aktivitetssystem.
- Marknadsføring og utarbeiding av brosjyrar
- Korleis få med nyutdanna turleiarar.
- Korleis halda på deltakarane som er med på turane våre.

### Overnattingstur til Austevoll 28. Mai – 31. Juni

Gerda og Jan Ove Øen arrangerte tur til Austevoll Søndag til Torsdag saman med Jarle Hevrøy som kjentmann. Jarle trødde sine barnesko på Stolmen og Ystaneset og er kjent på kvar ei tue der. Været var ikkje det beste, men turen var svært vellukka likevel. Gerda inviterte til morgonbad men vart den einaste som bada, det vart berre ein dag. Søndag gjekk turen til Kalve og til Skansen. Måndag vart det rundtur på Selbjøren. Tysdag til Stolmen og Ystaneset. Onsdag til Loddo og dagsturhytta Adlesi før heimreise. Jarle hadde ordna med omvising av sjølvaste Inge Halsteinsen. Han heldt oss i ande på kaien med morosam fortelling om utviklinga i Bekkjarvik. Etterpå var det vandring i hagen, omvising i det gamle bustadhuset og konferansesenteret.



## Overnattingstur til Suldal 28-31 August



Anne Kristin Eldøy og Birger Taranger arrangerte med hjelp av Suldal Turlag tur til Suldal Måndag til Torsdag med overnatting på Energihotellet på Nesflaten. På vegen innover Måndag gjekk turen innom til Byrkjenes og Jarle Tveit og fekk omvising der. Tysdag til Bleskestad og Bleskestadmoen. Onsdag til Kvanndalen saman med kjentfolk frå Suldal Turlag som guidar. Ein kveld gav Kolbein Bakka ei flott orientering om Suldal. Knut Vika hadde tatt

med gitar og songhefte og drog i gang allsong om kveldane. Som vanleg arrangerte Oddvar med god hjelp av Per Inge hesteskokasting. Knut Vika viste seg som ein allsidig mann då han vann. Torsdag gjekk turen til Gullingen med Knut Vika som kjentmann. Overnattingsturen til Suldal vart avslutta der med kaffi og kaker på hytta til Knut og Bodhild.


### Opptur:

Seniorgruppa arrangerte 3. Mai også i år OPPTUR for ca 350 8. klassingar frå Stord -, Nordbygdo -, Nysæter -, og Fitjar Ungdomskule. Oppturen gjekk frå p-plassen på Fjellstova, opp Stengjelsdalen til Stengjelsheddo, ned Botnadalen, ut til vegen frå demninga og tilbake til Fjellstova. Ca 40 seniorar deltok som turleiarar og vaktar. Denne gongen fekk 10 av 8. klassingane frå Leirvik eit nærturleirkurs i forkant av OPPTUR. Dei fekk i oppgåve å vera turleiarar for klassane sine. 2 på kvar klasse. Elevane var svært motiverte og gjennomførte oppgåvene så langt råd var. Det var svært nyttig erfaring for turlaget..

## Onsdags- og Torsdagsturane

6 turgrupper har vore aktive gjennom året. Tur 1 og Tur 2 frå Leirvik. Tur F frå Fitjar. Aktiv til 100 til Skjephaugen, til Stuvikjo og til Hustrudalen. Gjennom året har deltakarane på desse turane gjennomført 3015 turar.

## Seniorturar og Aktiv til 100 2016-2023:



Årstal	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Aktiv til 100	510	510	510	510	612	1458	2097	2021
Tur 2			241	809	541	350	485	511
Tur 1	1079	929	742	497	399	335	302	226
Fitjar-tur				308	238	223	227	257
<b>Sum antall turar</b>	<b>1739</b>	<b>1589</b>	<b>1643</b>	<b>2124</b>	<b>1790</b>	<b>2366</b>	<b>3111</b>	<b>3015</b>

	Personar	Tal turar	Gj snitt	Nye
Tur 1	226	13	17	10
Tur 2	511	18	28	13
Tur Fitjar	257	10	26	6
<b>Totalt</b>	<b>994</b>	<b>41</b>	<b>24</b>	<b>29</b>

Aktiv til 100 gruppe	Deltakarar
Skjephaugen	590
Stuvikjo	662
Hustrudalen	856

Kommentar til figuren og tabellane:

Tur 2 ligg høgare enn Tur1 og Tur Fitjar fordi fellesturane som nyttårsmarsjen og avslutningsturane er registrert som Tur 2. Tur 2 får då fleire turar og dermed fleire deltakarar samanlagt. Tur Fitjar er svært stabil. Tur 2 går litt opp medan Tur 1 går litt ned.

### Avslutningar

Sommaravslutning 15. Juni var på Espevær med tur til Uforingen. Anne og Birger var turleiarar og hadde fått full klaff med været. Over 60 deltakarar fekk ein kjekk tur og ved uforinga dukka ufo-folket opp og underhaldt oss

Årsavslutning var 7. Desember var på Fjellstova. Grunna snø og is vart avslutningsturen flytta til Hystadmarka. Etterpå gjekk turen til Fjellstova med snø og julestemning utandørs og rundt 60 seniorar innandørs. Knut Vika med Harry og Hans Gustav hadde rigga seg til med instrumenta og tok imot oss med feiande musikk og drog i gang allsongen rundt borda. Grauten gjekk ned med høglydt prat. Ny leiar i Stord Fitjar Turlag, Tom Knudsen, haldt appell.

Jakob Eldøy og Oddvar Rommetveit song kvar sin solosong. Så var det høgtidsam merkeutdeling for oppnådd tal turar. Til slutt takka leiar i Seniorgruppa, Frank Breistein, alle turleiarar og deltakarar for innsatsen og delte ut blomar til leiarane og turvertane for Aktiv til 100. Tom Knudsen takka Seniorstyret for innsatsen og delte ut blomar . Ein verdig avslutning på eit vellukka og innhaldsrikt turår.



### Merkeutdeling:

Til saman 19 deltakarar fekk utdelt merker for oppnådde krav til tal turar på avslutninga på Fjellstova under stor åtgåum. Nye merker var laga for 200 og 250 turar, Gull med dobbelkrans og Gull med trippelkrans.

Kategori	Krav	Oppnådd i 2023	Oppnådd totalt
Bronse	50	3	81
Sølv	75	5	63
Gull	100	3	43
Gull med 1 krans	150	5	26
Gull med 2 krans	200	1	4
Gull med 3 krans	250	2	2

Frank Breistein

Leiar Seniorgruppa



## Årsmelding DNT-Ung Stord Fitjar 2023

2023 har vore delt i to med stor aktivitet på våren og ingen aktivitet på hausten då det er kun ein som kan ta seg av turledar rolla. Det er nå komme til to-tre nye i leiar staben så dette skal kunne lette på fordelinga av oppgaver. Turar i 2024 vil bli lagt opp mot 30 års jubileet.

Gruppa drives av Dagfinn Koppang og Oline Koppang Skartland,

DNT Ung Stord Fitjar har eit tett samarbeid med DNT Ung Bømlo og me drar nytte av dette samarbeidet i enkelte større felles turar som Surfetur og skitur.

DNT-Ung Stord Fitjar har ikkje søkt midlar i 2023.

Samarbeidet med DNT Ung Bømlo fortsett i 2024.

Aktivitet gjennom året 2024:

26.januar Spillkveld på Lundseter med pizza og snaks, me spela ryktet går og UNO. Nokre av oss var og ute og aka på rim.

Deltakarar: 6 stk



15.februar inne kltring på vikahaugane, me var fleire som sikrarar. Det stilte to stykk frå klatreklubben. Veldig gøy med pølser og kltring.

Deltakarar: 8 stk



17. mars Ski tur rundt lysløypa, aking og pølser på bål ved Lundstøl.



Deltakrarar: 7 stk



1.april Fellestur til Røldal med DNT Und Bømlo. Her var det topp stemning både på bussen og i løypene. Deltakerar 18 stk



19.april Uteklatring ved Utslette fjellet over veggen for Sagvåg skule. Deltakarane fekk prøve seg på klatring og rapelering frå 25meter. Me hadde her og hjelp frå klatreklubben med rigging og sikring. Deltakerar 8 stk



19.juni Costering frå Skjersholmane til Hornelandsvågen, Me svømmer og klatrar langs klippene. På utvalgte plassar klatrar me og går opp på platå og hoppar uti frå 2-8m. Redningselskapet var med oss i år og som ein ekstra sikkerhet.

Deltakerar 11 stk



19-22.oktSurfetur til gjæren med Dnt Ung Bømlø, Dette synest ungdommane er kjempe gøy, her er det og veldig kjekt å reise med buss og sjølve opphaldet på Gjeren er veldig gøy. Det var mange turar i sjøen med veldig flinke instruktørar.

Deltakerar:18 stk



# ÅRSMELDING 2023 - BARNAS TURLAG STORD-FITJAR

## Medlemmer i styret i Barnas Turlag har i 2023 bestått av:

*Caroline Wolff, Anders L. Sætrevik, Marie E. Vindenes, Celina Solend, Åshild S. Heggland, Linda Blom Nilsen, Andreas Aas, Anna T Aasheim, Mari Hillestad Aas, Oddgeir Heggland, Synnøve Koll Visnesbakk, Bernt Vinsnesbakk. Caroline Wolff fortsatte som leder i 2023.*

Vi hadde eit godt møte tidlig på året med fordeling av turer med 2-3 personer pr. tur. Når vi har fordelt turer, har dei ansvar for planlegging og gjennomføring samen om turmål og aktivitet. Vi lagde eit program for 2023 med eit mål for kvar tur – noko som var stor suksess.

## Turane i 2023:

Januar:	Refleks gjemsel sted: Museum parken	Ca. 60 som deltok. Stor suksess.
Februar:	Kom deg ut dagen, Lundarstølen.	Ca. 420-460 deltok. Samarbeid med BUA Stord, DNT Ung, CISV og dugnadgruppa. Litt lite frivillige dette året.
Februar:	Fastelavn i skogen, Sted: Lavvoen med Tveitagården	Suksess, 130-140 som deltok. Sponsa boller av Spar Haga og Spar Ådland.
Mars:	Skogsdisko. Sted; Gapahauken i Hustredalen.	Det var litt for lyst. Bør kanskje vurderes litt tidligere/senere på året.  Det ble avholdt på en hverdag, det gjør det vanskelig med forberedelser pga jobb.
April:	Popcornetur, Ådlandsskogen.	Kjempesuksess. Laga popcorn på primus. Ungane storkosa seg. Ca 80 stykk som deltok.
Mai:	Besøk Myrvold gård, Huglo.	Eigarane åpna gården gratis for dei som reiste med Barnas Turlag. Eigarane var kjempe fornøyde og det var dei som deltok også. Over 100 som deltok.

Juni:	Familiedag	Kjempe suksess. Veldig kjekt at vi ordnet buss fra mottaket. Merket i ettertid større pågang fra mottaket på andre turer. Ca. 100 stykke som deltok.
Juni:	Ei natt under månen.	Utrolig kjekt med så mange deltagere. 26 telt som var slått opp og overnatta. Nokon hadde aldri sove i telt før. Ca. 85 stykk som sov over.
August:	Søndagstur i fjæra Nautøyo	Kjekk tur. Ble avholdt samme dag som SJoF hadde aktivitetsdag på Nautøyo. Kanskje vi kan inngå samarbeid med å arrangere I lag?
September:	Kom deg ut dagen Ådlandsvatnet	Kjekk dag, få frivillige, men blide frivillige. Enkelte frivillige gjorde ein kjempe jobb. Ca 300 som deltok i øs pøs regn.
September:	Overnatting på Stovegolvet	Kjempesuksess. 17 overnattande. Påmelding og venteliste. Nokon som ikkje gav beskjed om at dei kom. Det vart sendt ut sms i forkant til alle deltakere.
Oktober:	Vandreteater til Utsletteslottet	Eventyr i parken – Skogsprinsessa. Eit fanatisk eventyr å bli dratt med opp til Utsletteslottet. Kjekt med eit slikt opplegg for barn og vaksne. Dei fekk overnatte på Lundarstølen gratis.  To fulle vandre show.
Oktober/November	Soppsafari	Avlyst, bør vurderes litt tidligere på høsten.
November	Jul i Parken	Sponsa med mandariner og kakemenn frå Spar Haga og Spar Ådland. Ca. 60 stykke som deltok. Bålpanne og leik.

Vi har også i år arrangert Barnas Topp Trim. Vi har hatt solgt kort i samarbeid med Falk Sport, Sport1, MX Sport og Lindas Gym for 20 kr. Betaling har skjedd over Vipps. Barna har hatt egne fysiske kort som dei klypper i på toppen av fjellet. Det har gitt barna ekstra motivasjon istedenfor å bruke App på mobilen.

Det blei start april 2023 – slutt november 2023. Turane i 2023:

- Stovegolvet
- Ravatnet
- Dyvikesåto
- Landasåto
- Varden på Huglo
- Tuftelandsfjellet

Barnas Turlag fikk i 2019 fullfinansiert 8 kanoer som står fast montert ved Ådlandsvatnet. Disse har vert flittig benyttet også i 2023, både av private og andre organisasjonar. August 2022 har Lindas Gym hatt ansvar for utlån. Dette har fungert betre, med tange på lenge åpningstid. Dette vil vi fortsette med. Vi er inne på tanken om ein endå betre måte i 2024.

Barnas Turlag har søkt om støtte til fleire overnattingsturar på DNT hytter i 2024. Tildelt midler frå Sparebanken Vest og Sparebanken 1 til dette formålet.

2023 har vore eit bra år for Barnas Turlag med mange deltakere på turar. Det har vore lite møter mellom dei frivillige, men fordeling av turar har gjort arbeidet enklere og meir tilhørighet for fleire. Programmet for 2024 er laga i januar 2024 og vi ser fram til eit variert turprogram med mykje spennande i vente. Vi er stolte av Barnas Turlag Stord-Fitjar.

Dugnadstimer for 2023: 398 timer i Barnas Turlag Stord-Fitjar

På vegne av styret i Barnas Turlag, Caroline Wolff Leder Barnas Turlag, Stord-Fitjar



## Årsrapport 2023

Gruppa har bestått av:

Jan Ove Øen, Odd Lars Huseeth og Konrad Westvik

Det har i 2023 ikkje vore nokon konkrete innspel til gruppa. Gruppa har eitt møte utover telefonkontakt.

- 1. Utviding av vindmølleparken i Fitjarfjellet.** Det ligg føre ein søknad/utgreiing av utviding av vindparken i Grønafjellet området, mot Fitjarhesten. Dette er eit fint og delvis uberørt turområde, For fjellfolk/turfolk ville eit slik inngrep vere svært øydeleggjande. Dei 55 eksisterande vindmøllene har alt lagt beslag på ein vesentleg del av Fitjarfjellet. Det er nye og truleg forlokkande økonomiske fordeler for Fitjar kommune med ei utbygging. Det er og nye reglar med intensjon om større kommunal råderett over aktuelle områder. Det er uvisse og spenning om nye utspel for denne utvidinga.
- 2. Vandalisme i gapahukar.** Elles har Turlaget opplevd ansvarsløyse og vandalisme i gapahukane. Involvering av Politi etter vandalismen og den ufatteleg tilgrisinga i gapahuken i Stuavikjo. Denne anmeldinga resulterte i rask henlegging, med argumentasjon om manglande resursar i Politiet. Vår konklusjon er at det er bra med ivrige frivillige i Turlaget, som raskt fekk rydda opp.
- 3. Ny tømmerkai.** Ellers har vi fått innspel om stor utbyggjing i Stokken ved Flyplassen mot Dåfjorden. Der skal det byggjast ein tømmerkai med nytt tilgrensande industriområde. Vi har ikkje sett planane, men dei kjem vel på høyring.
- 4. Valøya.** Turlaget har etter kvart fått ein del aktivitetar sjønært. Det er med undring vi les om eit større prosjekt med utplanering av eit over 30 mål stort areal på Valøya. Det kan umogeleg bli eit estetisk løft for innseglinga til småbyen Stord.
- 5. Berekraft.** Dette er eit ord som blir meir og meir brukt og misbrukt. I dei siste Sti og Varde har det vore ein diskusjon om kva innverknad Turlaga har med sine aktivitetar på miljø og naturmangfald. Når ein snakkar om klimagassutslepp så må ein sjå på tala som står til venstre for kommastreken. Utslepp av klimagassar frå Melkøyaanlegget er årleg 850.000 tonn, samanlikna med aktivitatane til Bergen og Hordaland Turlaget som kan vere opp mot 150 tonn (bil og helikoptertransport). Konklusjonen er at vi må kunne fortsetje med aktivitetar i Turlaget med godt samvet.
- 6. Nedbygging av natur.** Det er svært viktig å stanse vidare nedbygging av verdifull natur. Vi har ca 11,5 prosent villmarksprega natur igjen i Norge. Det er viktig å ha klart for seg at vi løyser ikkje klimakrisa ved å forsterke naturkrisa.



## Årsmelding for Driftsgruppa 2023

Gruppa har bestått av Marit S Cruickshanks og Gerda Øen. Me har ikkje hatt møter, men møtest på tur og løyser våre problem i fellesskap.

Me har ansvar for hald av Lundastølen, Tveitaslottet, Hytta på Stovegolvet, Gapahuken v Kidnavatnet, Gapahuken i Stuavikjo og Gapahuken i Skjephaugen. Me har då seks lister med folk som har to veker i året der dei ser til, vasker og rydder på dei forskjellige plassane. Marit sender påminning om tilsyn kvar søndag kveld, og dette fungerer svært godt.

Det har så langt ikkje vert problem med å få folk til å stå på desse listene.

Sjølve trer me inn rett som det er.

Me får kjeke damer med og har stordugnad med nedvask på Lundastølen kvar vår. Då er alt laust ute, sengene vert skifta på. Me har sengeskiift på hausten også og når nokon ber om utvask ordner me med det.

På Stovegolvet vert det også skifta på senger to gonger i året og storvask utført. Dette vert styrt frå Bergen.

Me passar på at der er vaskemidlar, toalettpapir, talgelys og elles det som trengst for at det skal vera triveleg rundtom.

Me hadde ein trasig hendelse med nokre som hadde forlate Gapahuken i Stuvikjo etter storfest. Det var eit rot utan like og ein stor gris som var tenkt å bli grillt var forlatt.

Ei bålpanne var øydelagt og i det heile tatt var alt trasig. Me fekk ein STOR opprydningsjobb på ein laurdagskveld. Også ein dag i veka etter vart brukt for å få alt boset til SIM.

Politiet vart kontakta utan at me oppnådde noko med det. Saka vart henlagt. Skuffande.

Me hadde også eit lynnedslag i hytta på Stovegolvet, og det vart ein ekstra jobb for oss å få vaska ut og ordna etter at arbeidet med å fikse det elektriske anlegget vart gjort.

Me har heldigvis GODE folk med oss når noko ekstra skal gjerast rundtom. Me har det KJEKT!



